

Fyll ut med riktig pronomen

Linus og Dina bur i utkanten av den store skogen. _____ hjelper onkelen sin med å passe sauer. Onkelen har nesten hundre sauer, så _____ kan ikkje passe _____ åleine. Linus og Dina får hjelp frå hunden Trufast. _____ er den klokaste hunden _____ veit, og ofte er det Trufast som seier frå til _____ om at nokre av sauene har gått seg bort.

Ein dag Linus og Dina er ute med sauene, begynner Trufast å oppføre seg rart. _____ legg øyro bakover, flekkjer tenner og knurrar mot skogen.

Etter ei stund ser barna nokon som kjem gåande på stien ut frå skogen. Nokon _____ aldri har sett før. Ein høg mann, med ei lang kappe. _____ ser ut som _____ haltar litt, og _____ må støtte seg på ein stokk. Håret hans er langt, og _____ er veldig flokete.

«Kven er _____ og kva gjer _____ her?» spør Dina når mannen kjem litt nærare. «Kva gjer _____ her?» svarer mannen og ser rett på Dina og Linus. « _____ har like stor rett til å vere her som _____ !»

« _____ jobbar for onkel,» svarer Linus raskt. « _____ kjem snart ut for å sjå korleis det går med _____ ». « _____ gler meg til å møte _____ ,» svarer den framande. « _____ er gamle kjende.» Dina skuler på den framande. «Onkel har aldri fortalt _____ at _____ kjenner nokon frå den store skogen,» seier _____ , mens _____ lurar på om den framande snakkar sant.